



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.
0032 Oslo

Deres ref

Vår ref
2018/8115-IDF

Dato
02.10.2018

Høyrings svar - Forskrift om opptak til høgre utdanning

Vi viser til høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet, datert 02.07.2018. Universitetet i Bergen (UiB) sender med dette innspel til høyringsforslaget, og søknad om tilleggspoeng for underrepresentert kjønn frå opptaket 2019.

Det er referert til fleire tabellar i teksten, desse finst som vedlegg til høyringssvaret.

Innspel til høyringa

UiB har ingen merknadar til høyringsforslaga frå Kunnskapsdepartementet, utover søknaden som blir omtalt nedanfor, og tar endringsforslaga til etterretning.

Søknad om endring av opptaksforskrifta

Den nye Likestillings- og diskrimineringslova, som trådte i kraft 1. januar 2018, opnar for lik særbehandling av kvinner og menn. UiB søker med dette om tilleggspoeng for underrepresentert kjønn for opptak til Profesjonsstudiet i psykologi, jf. § 7-9 i opptaksforskrifta.

I søknaden inngår:

- Inntil 1 tilleggspoeng for menn i kvote for førstegongsvitnemål og ei nedre poenggrense for søkjarar i denne kvota på 50 konkurransepoeng.
- Inntil 1 tilleggspoeng for manlege søkjarar i ordinær kvote og ei nedre poenggrense på 60 konkurransepoeng for søkjarar i denne kvota.
- At dette skal gjelde som ei prøveordning på inntil 3 år.

Bakgrunn for søknaden

Profesjonsstudiet i psykologi fører fram til ein autorisasjon som psykolog, og er eit svært populært studium med høge karakterkrav. Andelen menn har variert mellom 20 prosent og 30 prosent dei siste 15 åra, med ein markant nedgang dei siste tre åra. Sjå *Tabell 1*.

Fram til 2016 var årsstudiet i psykologi opptakskravet for profesjonsstudiet, men frå 2016 har opptaksgrunnlaget vore generell studiekompetanse. Ved overgangen til opptak gjennom Samordna opptak (SO) falt andelen menn frå 25 prosent til 17 prosent. I dei tre åra med opptak gjennom SO har dette talet vore stabilt.

Sjå *Tabell 2* for den totale kjønnsamansetninga forstått som alle aktive studentar ved programmet, dei siste fire år.

Tabell 3 viser tilbodstala for opptak til psykologstudiet 2016-2018, fordelt på ordinær kvote og førstegongskvota. Tala viser at det i snitt for dei tre siste åra, er gitt tilbod til ca. 14 prosent mannlige søkjarar i kvote for førstegongsvitnemål. Dette er godt under dei 20 prosent som Stortinget har satt som

Tilbodstala har vore noko høgare for søkjarar i ordinær kvote dei tre siste åra. Vi ønskjer likevel å argumentere for at ei ordning som gjeld for begge kvoter og alle mannlige søkjarar til det same studieprogrammet, vil vere enklare å kommunisere til søkjarane. Dette vil igjen gjere det mogleg å spisse rekrutteringsstrategien til UiB, slik at vi kan oppnå betre effekt av eit eventuelt tiltak.

Samfunnsbehovet og behov i profesjonen

Tiltak må vurderast ut frå behova som både samfunnet og profesjonen har. Sjå *Tabell 4* for oversikt over kjønnsamansetninga i yrket i dag. Blant godkjende medlemmar i Norsk psykologforening er gjennomsnittsalderen 44 år for kvinner og 50 år for menn. Kombinasjonen av gjennomsnittsalderen for menn og det nedgåande talet menn som blir tatt opp til studiet, vil føre til at kjønnsbalansen i åra som kjem blir endå skeivare.

Innanfor psykologprofesjonen er kjønn ein viktig variabel for identitet og livserfaring. Arbeidsfeltet til psykologane, både i spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta, vil i stor utstrekning røre ved menneskeleg identitet og livserfaring. Det er dermed viktig at begge kjønn, med sine typiske erfaringar, er representert.

I spesialisthelsetenesta er det ei utfordring at menn i mindre grad søker hjelp enn kvinner, og ofte søker hjelp når problema er blitt meir alvorlege. Sjølv om det er lite som tyder på at kjønn til terapeuten har gir utslag for behandlingseffekten, så vil tilgjengelege mannlige behandlarar kunne bidra til at miljøa blir meir observante på menn sine typiske psykiske helseutfordringar, og til at terskelen for at menn skal oppsøke hjelp blir lågare. I tillegg vil det være problemområde ein del menn vil oppleve det lettare å ta opp med ein mannleg psykolog.

I vestlege samfunn har det gjennom seinare år vore ei auke i gutar og unge menn som strevar med tilpassing i skule og relasjonar. Sunn identitetsutvikling krev gode rollemodellar. Særlig innanfor kommunepsykologi og samfunnspsykologi, vil psykologen kunne spele ei viktig rolle for identitetsutviklinga til dei meir sårbare gutane. I skulehelsetenesta har ein erfaringar med at andelen gutar som oppsøker og brukar tilbodet er påverka av tilgjengelegheit av mannlige behandlarar. Tilgjengelegheit av mannlige psykologar på kommunalt nivå blir ein måte samfunnet kommuniserer at dette er et tilbod der ein også er bevisst gutar og menn sine særskilte livsutfordringar.

Nasjonalt profesjonsråd for psykologi stilte seg i 2017 bak søknad om kvoter for menn. Profesjonsrådet meiner at det er bekymringsfullt at andelen menn som blir uteksaminert frå norske lærestadar no er på berre 20 prosent mot 50 prosent på 80-talet.

Forslag om felles ordning for UiB og UiO

UiB er kjend med at UiO søker om ei tilsvarande ordning med tilleggspoeng for mannlege søkjarar i kvote for førstegongsvitnemål, og vil understreke at vi støtter ei felles ordning med tilleggspoeng for dei to institusjonane.

Det er grunn til å anta at effekten av tiltaket vil vere lettare å måle om UiB og UiO deltar i same ordning fordi institusjonane i stor grad konkurrerer om dei same søkjarane til det aktuelle studiet. Det er på same tid grunn til å anta at effekten av eit tiltak over ein prøveperiode på 3, vil vere vanskelegare å måle om det er eit isolert tiltak for UiB.

Innspel til varsla gjennomgang av kvoter

UiB er kjend med at Kunnskapsdepartementet skal gjennomføre ein større gjennomgang av kvoter og tilstøytande ordningar for studieåret 2020/2021, og at det dermed kan bli aktuelt å søkje om ei utviding av eventuelt eksisterande tiltak eller andre tiltak ved eit seinare høve.

Ei ordning med tilleggspoeng for mannlege søkjarar til psykologistudiet vil vere eit strakstiltak for å betre kjønnsbalansen i studiet og på sikt i profesjonen. Men det vil også kunne gje god informasjon om effekten av slike tiltak, både kor mange fleire tilbod til menn det blir gitt og om dette har ein rekrutteringseffekt.

UiB har dei to føregåande åra søkt om ei kvote på inntil 30 prosent menn for følgjande studium: Profesjonsstudiet i medisin, Profesjonsstudiet i odontologi og Profesjonsstudiet i psykologi. UiB ønskjer å bidra til arbeidet med ein gjennomgang av kvotar og bruk av tilleggspoeng for opptak til høgare utdanning, og vil også vurdere nye søknadar om kvoter og/eller tilleggspoeng ved eit seinare høve.

Støtte til forsøksordning for medisinstudiet ved UiO

UiB er kjend med at UiO ønskjer å søkje om ei forsøksordning der det blir opna for å nytte «egnethetstestar» som grunnlag for rangering av søkjarar i ein mindre kvote ved opptak til medisinstudiet.

UiB stiller seg bak ein slik søknad, og fagmiljøa ved Det medisinske fakultet og Det psykologiske fakultet vil følgje med på gjennomføring og effekt av eit slikt forsøk.

Korrigering av § 4-9

UiB vil melde om behov for korrigering av § 4-9 første ledd, der namnet på Fakultet for kunst musikk og design ikkje er korrekt. Unntaksbestemmelsen i § 4-9 bør på vegne av UiB formulerast slik:

§ 4-9. Spesielle opptakskrav til enkelte kunstfag

Ved opptak til desse utdanningane må søkjaren bestå opptaksprøve etter nærmare reglar fastsette av institusjonen:

- Studium ved Fakultet for kunst, musikk og design ved Universitetet i Bergen
(-)

UiB ber om at Kunnskapsdepartementet tar stilling til søknad om endring av opptaksforskrifta § 7-9, og korrigering av § 4-9.

Vennlig hilsen

Dag Rune Olsen
rektor

Kjell Bernstrøm
universitetsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrevne signaturer.